

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.11.2023

SAKSHANDSAMAR: Torunn Nilsen

SAKA GJELD: **Rapport fra internrevisjonen - Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest - administrasjonen sine kommentarar**

ARKIVSAK: 2023/888

STYRESAK: 126/23

STYREMØTE: 06.12.2023

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.
2. Styret ber føretaka legge fram rapporten for sine respektive styre og iverksette tiltaka som går fram av denne saka.

Oppsummering

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF og dei fire helseføretaka Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Førde HF og Helse Stavanger HF.

Helse Vest IKT AS leverer IKT-tjenester til resten av føretaksgruppa, og har ikkje eige brukarutval. Sjukehusapoteka Vest HF jobbar med etablering av brukarutval og er derfor utelét frå gjennomgangen.

Konklusjonen er at føretaka i stort har lagt til rette for brukarmedverknad på systemnivå i samsvar med dei felles retningslinjene. Forankringa i styra og den øvste leiinga blir oppfatta som god.

Revisjonen observerer samtidig fleire forskjellar i korleis føretaka har operasjonalisert retningslinjene. Det er ulik modning knytt til brukarmedverknad på systemnivå i føretaksgruppa. Dette indikerer at det er uforløyst potensiale knytt til brukarmedverknad i helseføretaka.

Fakta

Følgjande interregionale dokument er førande for brukarmedverknad på systemnivå i helseregionane og helseføretaka:

Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå blei vedteke i Helse Vest RHF sitt styre i januar 2017. Satsane for honorering blei endra i styremøtet i juni 2022.

Rettleiar for brukarmedverknad i helseforsking blei første gang vedteke i Helse Vest sitt styre i 2015, og deretter oppdatert i 2018. Rettleiaren er felles for alle helseregionar.

Opplæringsprogram i brukarmedverknad er felles for alle helseregionar. Kursa blei teke i bruk frå og med 2018.

Kommentarar

Internrevisjonen sine tilrådingar:

Opplæring og informasjon: Internrevisjonen har observert at opplæring og informasjon til både tilsette og brukarar varierer mellom helseføretaka. Sviktande opplæring og informasjon kan leie til misforståingar og skape hindringar for effektiv brukarmedverknad.

Internrevisjonen tilrår at helseføretaka standardiserer og til dels utvidar opplæringsprogram og informasjonsmateriell for å sikre lik forståing og praksis.

Tiltak

Det er etablert felles nasjonale opplæringsprogram som eit tilbod til alle medlemmer i brukarutval både i RHF og HF, samt brukarar som er involverte i ulike prosjekt og program. Opplæringsprogramma er tilgjengelege i Læringsportalen og frå Helse Vest RHF si nettside: [Brukarmedverknad - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](http://Brukarmedverknad - Helse Vest RHF (helse-vest.no))

Digital grunnopplæring for brukarrepresentantar på systemnivå:

Kurset er utarbeidd etter initiativ frå dei regionale helseføretaka i samarbeid med Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og Kreftforeningen.

Nettkurset er i samsvar med "Retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak", som blei vedtekne av alle dei fire regionale helseføretaka i 2017.

Digital opplæring for brukarmedverknad i helseforsking:

Kurset er retta både mot brukarar og forskarar. Kurset er eit samarbeid mellom Kompetansesenter for klinisk forsking, det regionale brukarutvalet i Helse Vest og Regionalt e-læringsteam.

Kurset gir ein innføring i kva brukarmedverknad i helseforsking er, i tillegg til at du får praktiske tips for å etablere eit godt og fruktbart samarbeid mellom brukar og forskar.

Rettleiar for brukarmedverknad i helseforsking blei første gong vedteke i Helse Vest sitt styre i 2015, og deretter oppdatert i 2018. Rettleiaren er felles for alle RHF.

- I Helse Vest blir det ein gong årleg gjennomført opplæringsdag for brukarutvala på RHF-et og i HF-a. Brukarutvala har ønskja at opplæringsdagen skal vere fysisk og ikkje digital. Det vil Helse Vest RHF leggje til rette for framover.
- Alle brukarutval bør få informasjon om opplæringskursa og rettleiarar på første møte når nytt brukarutval er oppnemnd.

Helse Bergen har fått på plass gode system og rutinar for brukarmedverknad i føretaket, deriblant obligatorisk opplæring (e-læringskurs) for medarbeidarar, kurs for prosjektleiarar, LIS-legar i føretaket har også undervisning om brukarmedverknad på systemnivå og leiarar har kompetansekrav om temaet. Helse Bergen har også ei ressursside om brukarmedverknad på intranettet til helseføretaket, som blant anna inneheld ei «verktøykasse» for dei som ønskjer meir kunnskap om brukarmedverknad.

- Helse Vest RHF vil ta initiativ for å få bredde desse verktøya i alle helseføretaka i Helse Vest.

Forventningsavklaring: Det er behov for betre forventningsavklaringar mellom helseføretaka og brukarrepresentantane. Dette inkluderer avklaringar om honorering, kva prosjekt brukarane skal involverast i, og tidspunkt for deltaking. Klarare retningslinjer kan bidra til å unngå misforståingar og potensiell misnøye.

Tiltak:

Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå blei etablert i 2017. Etter den tid har helseregionane gjort endringar særleg når det gjeld honorering. Per 2023 er det ulike satsar for godtgjering i helseføretaka og det er ønskjeleg å få til ein harmonisering av godtgjeringa.

- Det er no satt i gang eit interregionalt arbeid for å evaluere og justere *Felles retningslinjer for brukarmedvirkning på systemnivå* for regionale helseføretak,

helseføretak og felleseidde helseføretak. Arbeidet blir leia av Helse Midt-Norge RHF. Alle regionale brukarutval, brukarutval, Kreftforeningen, SAFO, FFO, felleseidde helseføretak, RIO, A-Larm og ProLAR er inviterte til å gi innspel til gjennomgangen. Frist for innspel er sett til 15. desember 2023.

Evaluering og læring: Det er mangel på effektive evaluatingsmekanismar som baserer seg på erfaringsgrunnlaget til helseføretaka med brukarrepresentantar. Vi tilrår at helseføretaka etablerer rutinar, eller aktivt tek i bruk allereie eksisterande prosedyrar, for å evaluere og lære av erfaringar knytt til brukarmedverknad. Dette vil bidra til verdifull innsikt som kan nyttast til kontinuerleg forbetring av systemet med brukarmedverknad. På same måte oppmodar internrevisjonen dei respektive brukarutvala til å gjennomføre eigenevalueringar i tråd med retningslinjene.

Tiltak:

- Helse Vest RHF vil ta initiativ for å få bredde verktøya som Helse Bergen har etablert i alle helseføretaka i Helse Vest.
- Årleg eigenevaluering etter tilsvarende prosess som blir gjennomført i styra i Helse Vest, bør gjennomførast i alle brukarutvala i føretaksgruppa.

Presiseringar i retningslinjene: Det er også viktig å vere merksam på behovet for presiseringar i dei allereie gjeldande retningslinjene for brukarmedverknad. Dette vil gi mindre rom for ulike tolkingar, og kunne gjere retningslinjene lettare å praktisere for både helseføretaka og brukarane. Dette kan bidra til ei meir effektiv operasjonalisering av retningslinjene.

Tiltak:

- Det er satt i gang eit interregionalt arbeid for å evaluere og justere *Felles retningslinjer for brukarmedvirkning på systemnivå* for regionale helseføretak, helseføretak og felleseidde helseføretak.

Avvik frå lovar og vedtekter:

Internrevisjonen har avdekt nokre avvik knytt til dette i behandlinga av Årleg melding.

Tiltak:

Helseføretaka:

- Etterleve prosedyre der brukarutvala i helseføretaka kommenterer årleg melding før styrebehandling i HF-a og oversending til Helse Vest RHF.

RHF-et:

- Etterleve prosedyre der Regionalt brukarutval kommenterer årleg melding før styrebehandling i RHF-et og oversending til HOD.

Andre tiltak:

Helse Bergen har etablert eit godt system når det gjeld førespurnader om brukarmedverknad. Saksinnmeldingar og førespurnader om brukarmedverknad vert meldt digitalt via eit kontaktskjema, dette er også godt opplyst om på føretakets intranettseite, og er informasjon som er lett tilgjengeleg for dei tilsette.

- Helse Vest RHF vil ta initiativ for å bredde dette systemet i føretaksgruppa.

Konklusjon

Samla sett viser revisjonen at helseføretaka i stor grad oppfyller krava for brukarmedverknad på systemnivå. Likevel kan ein styrke prosessane, sikre betre avklaring av forventningar og etablere eit evalueringssystem for å forbetra kvaliteten på brukarmedverknaden.

Administrerande direktør legg til grunn at tiltaka som går fram av denne saka vil bidra til å sikre ein meir effektiv og gjennomsiktig involvering av brukarane, noko som igjen kan føre til auka kvalitet og verdi for både føretak og brukarar.